



**Endre Nilsen har no flytta inn i huset sitt ved Sandakaien og det har vorte ein fin tilvekst til bygningsmiljøet på staden, som gøymer så rike tradisjonar. Huset er eit døme på korleis eit gammalt miljø kan fornyast på ein vellukka måte.**

Nilsen fekk lov til å byggja nyhuset på den gamle løemuren hvis huset fekk dei same dimensjonane som løa. På grunn av nærleiken til kyrkja måtte det til ein handsamingsrunde heilt opp til bispedømmerådet.

Det har vorte eit stilig hus. Det gjeld også i høgaste grad den utvida muren som 'murmeister' Haugland har fått til. Innkøyringspartiet fortener også eit ekstra pluss.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen